

NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 – høyringsuttale frå Fjaler kommune

GENERELLE MERKNADER:

Fjaler kommune meiner utgreiinga gjev eit godt grunnlag for å utvikle ein nasjonal kulturpolitikk med ei sterkare satsing på lokal og regional kulturpolitikk. Fjaler kommune er ein liten distriktskommune med nesten 3 000 innbyggjarar i Sogn og Fjordane som systematisk har satsa på kultur over lengre tid – og dette er ei melding vi har venta lenge på!

På mange måtar passar denne meldinga godt inn i det arbeidet Fjaler kommune har fokus på i si satsing på kunst og kultur. Det har vorte investert både i bygg og innhald. Gjennom mellom anna etableringa av Nordisk Kunstnarsenter på Dalsåsen i 1998 med kunstnarar frå heile verda på kortare opphald i kommunen vår – og den nesten samtidige etableringa av det internasjonale United World College med 200 elevar frå heile verda har Fjaler kommune utvikla seg til ein kommune der kunst og det internasjonale har vore nokre av det som særpregar oss. Dette har gjeve konkrete ringverknader som etableringa av designsenteret Transplant, med designarane Alexander Bau og Birgitta Ralston i spissen, og at det har etablert seg fleire kunstnarar som ynskjer å satse på kunstproduksjon utafør dei store byane. 1. mai 2013 opna Karina Sigmund Tekstilfabrikken som både er ein produksjonsstad og visningsstad for tekstilkunst og scenekunstparet Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie har dei siste åra produsert meir enn tre teaterproduksjonar her i kommunen – med visningsstad i resten av landet. Mange av kunstnarane har også marknaden sin internasjonalt.

Fjaler kommune forventar at Kulturdepartementet føl opp overfor Nordisk kunstnarsenter Dale og sikrar høveleg bygningsmasse og rom for utvikling. Vi går gjerne i dialog for å få til dette.

Fjaler kommune ynskjer, på grunnlag av dei erfaringane vi har gjort, å verte eit kulturelt kraftsentrum i Sogn og Fjordane – med satsingar innan design, visuell kunst, scenekunst og litteratur. Med det internasjonale miljøet vårt, kvalitet og profesjonalitet, som ein styrke.

1. *Kommentar kap 13:*

Fjaler kommune har fått midlar frå Bulystsatsinga til prosjektet Preform – og hovudsatsingsområdet vårt der er produksjonslokale for kunst. Erfaringane våre viser at dette kanskje er den største enkeltfaktoren for at kunstnarar skal kunne etablere seg. Det er viktig at støtteordningar for dette finst. Vi støtter tanken om auka produksjon av kunst, også utafør institusjonane. Dersom ein ser det som viktig at ”Trykket i kulturpolitikken må ligge på kunstproduksjon, kvalitet og publikum.”(s 318) er det avgjerande at det vert lagt til rette for rom og stadar der kunst vert produsert.

2. *Kommentar til punkt 15.3*

Denne meldinga har fokus på å styrke den kulturelle grunnmuren – men vi i Fjaler ser at grunnmuren har lite utviklingspotensiale utan eit profesjonelt kreativt miljø å spele på. Dersom kulturskulane skal knytast opp mot profesjonelle kunstnarar må det bu og arbeide kunstnarar i nærmiljøet. Det er viktig at kunstnarane kan få ein reell jobb – ikkje ein time her og der. Vi saknar at utgreiinga peikar på konkrete stimuli for å gjere det mogeleg for kunstnarar å etablere seg utanfor dei større sentra.

3. *Kommentar til punkt 15.3*

Vi ser at det miljøet som er i ferd med å etablere seg gjev ringverknader – både i form av at Dale ungdomslag kan setje opp ungdomsteater med regissør som vanlegvis jobbar ved dei store scenen i Norge og at Teaterfestivalen i Fjaler vert arrangert i oktober 2013 – men også ved at dette miljøet er synleg ute i sine miljø i dei store byane og viser at det er mogeleg å produsere kunst også utafor dei store byane.

- Vi ynskjer at dirigent/instruktørløn også kan gjelde andre profesjonelle instruktørar som regissørar, koreografar osv.

4. *Kommentar til punkt 13.2*

Teaterfestivalen i Fjaler "har perifer forteljingar" som tema – og vi ynskjer i denne festivalen å setje fokus på kven som fortel historiene frå vår tid. Har plassen du veks opp ein påverknad på korleis historiene vert fortalt. Påverkar ståstad korleis tekstar som vert produsert. Kven har makta til å bestemme kva historier som kjem fram i lyset.

- Vi ynskjer større fokus på scenekunstproduksjon utafor institusjonane – og at scenekunstinstitusjonane kan fungere som drivkrefter for kunst og kulturproduksjon også utafor institusjonens grenser.
- Ved å satse på meir lokale kulturelle kraftsentrum så kan ulike mindre stader utvikle seg til ei stemme som kan påverke kva for kunst som vert produsert - at det vert fleire stemmer som definerer kva som er viktig å sette fokus på.

5. *Kommentar til punkt 15.3:*

Vi synes utgreiinga har ei noko passiv haldning i forhold til erkjenninga om at dei estetiske faga har fått redusert plass i det ordinære skulegangen. Dagens elevar er morgondagens deltakarar og publikum. Styrking av den lokale kunst- og kulturfaglege kompetansen bør sterkare inn i grunnskulen, som ein del av allmenn utdanning. Vi trur at Den kulturelle skulesekken også kan verke som ei kvilepute for nokre skular – i staden for å utvikle noko sjølv. Det er særskilt viktig at fagleg kvalitet, profesjonalitet og kompetanse vert sikra og at det vert retta kvalitetskrav til kulturskulane. Når ein i utredninga definerer kulturskulen sine kjerneoppgaver som " *kunstfagleg grunnutdanning og fordyping bl.a. i samarbeide med de høgere kunstfaglige utdanningsinstitusjonene.* " (s 307) vert det avgjerande at tilbodet har ønskjeleg kvalitet og nivå.

6. *Kommentar til punkt 15.6:*

Styrking av den lokale kommersielle kunstproduksjonen trur vi kan vere bra – vi ser for oss at det er nisjar innan både design og utvikling av lydprogram for teater som kan vidareutviklast frå vår kommune. Både for dei kunstnarane som ønskjer å arbeide kommersielt og dei som ønskjer anna verksemd er det, sett frå vår ståstad, naudsynt å

peike på at i meldinga saknar vi klårare signal om kva verkemiddel som vert knytt til denne utviklinga, t.d. midlar til idéutvikling, etablering, inkubatorordningar, skatte og momsfordelar med meir.

Vi ser det slik at lokale oppstartsmidlar til produksjon vert avgjerande, også med tanke på å finne samarbeidspartar og anna finansiering.

7. *Kommentar kapittel 13:*

Vi ynskjer eit profesjonelt nasjonalt distribusjonsnettverk for scenekunst som kan finansiere og samordne distribusjon lokalt. Dette kan gje framsyningar både det frie scenekunstheltet og framsyningar frå institusjonsteater som ynskjer reise på turné tilgang til lokale kulturhus og til gjesteordningar ved teaterinstitusjonar. Det vert mange måtar som Riksteater –men med ei tydelegare kuraterande rolle heller enn produserande.

8. *Kommentar til punkt 13.4:*

For at biletkunstnarar skal kunne bu og verke i eigen profesjon i distrikta, treng vi gode produksjonsmiljø og ei satsing på produksjonsmidlar til biletkunstnarane. I tillegg til å sikre dei statlege stipendordningane som fins, er det viktig å oppretthalde og styrke eksisterande fylkeskommunale stipend og kommunale stipend der dei fins, samt arbeide for å opprette nye.

9. *Kulturpolitikens sektoransvar:*

Vi støtter utsegna om at kulturministeren sitt ansvarsområde ikkje stoggar ved kongedømmet Noreg sine grenser samtidig som vi stiller spørsmålet om kor interessant t.d. OCA (Office for Contemporary Art) er for kunstnarar utanfor dei store arenaene? Eller kor interessante kunstnarar utanfor dei store arenaene er for OCA? For ein kommune som satsar på internasjonale institusjonar og kunstnarar er det avgjerande viktig at dei som er satt til å arbeide med internasjonale spørsmål og kontaktar har blikket heva og eit vidt utsyn.

Dale i Sunnfjord, 1. juli 2013